

## **PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I KVINNHERAD NÆRINGSSERVICE**

Tid: 9.mai kl.17.00

Stad: Handeland Gard

Tilstades var representantar frå totalt 13 medlemsverksemder: Teigen Bygg og Trelast AS, Kvinnherad Energi AS, Lead Inc., Brødrene Hjønnvåg AS, Hellesøy Verft AS, Kvinnherad kommune, Husnes Storsenter, DNB Nor, HMR Group, Maritim Service, Kvinnherad Videregående Skule, Vibe og Søral.

Årsmøtet vart leia av styreleiar Solveig Aalde Bark.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. Innkallinga vart send ut med e-post og annonsert i Kvinnheringen og Grenda.

### **Sakliste:**

#### **Sak 1. Årsmelding for 2010**

Nærings sjef Silvia Tofte oppsummerte dei største hendingane i 2010.

*Årsmeldinga vart samrøystes godkjend utan merknader*

#### **Sak 2. Rekneskap og balanse, disponering av overskot eller dekning av underskot ihht. fastsett balanse.**

Styreleiar gjekk gjennom regnskapet og påpeikte samstundes at KNS hadde eit forventta overskot i 2010.

*Framlegget til rekneskap vart samrøystes godkjent utan merknader.*

#### **Sak 3. Budsjett for 2011**

Styreleiar gjekk gjennom budsjettet.

Inga endring i medlempengar.

Framlegget til rekneskap vart samrøystes godkjent med ein merknad om auke i posten vedrørande medlemskontigent.

#### **Sak 4. Forslag til vedtaksendring i §3 Medlemskap**

Det var fremja eit forslag på årsmøtet i 2010 om å endre formuleringa av §3 medlemskap til spesifisere at ein måtte ha adresse i Kvinnherad kommune for å vera medlem i KNS. Styre fekk fullmakt til å utarbeide eit forslag som skulle opp på årsmøtet 2011.

Forslag til endring:

##### **§ 3. Medlemskap**

Bedrifter, foreningar, organisasjonar, offentlege og private institusjonar - herunder skular og einskildpersonar kan vera medlemmer i Kvinnherad Næringssservice etter styret si godkjenning. *For å ha stemmerett må verksemda ha forretningsadresse i kommunen.*

Etter diskusjon og stemming vart det slutta alt paragrafen skal vera formulert slik den er i dag og at det er styret som godkjenner medlemskap i Kvinnherad Næringssservice.

#### **Sak 5. Val**

Valnemnda ved Gaute Lund , Jorunn Nordtveit og Asbjørn Soltveit la fram forslag til styre, revisor og valnemnd.

##### **Innstilling frå valkomitéen**

Følgjande styremedlemer er ikkje på val, og har eitt år igjen av denne styreperioden:

Solveig Aalde Bark, Søral

Even Teigen (Teigen Bygg), vara

Beate Hannisdal (Mobilt Snadder), vara

To styremedlem var på val, men har teke attval for to år:

Marit Hjønnvåg (Brødrene Hjønnvåg)

Hans Martin Hjelmeland (Kvinnherad Energi AS)

Eit styremedlemer var på val, og skal supplerast:

Yngve Bryn (Vibe Reingjeringssservice)

I styret har Solveig Aalde Bark vore leiar, Yngve Bryn nestleiar. Leiar og nestleiar vert vald for eitt år av gongen.

Vedtektene seier at styret skal bestå av inntil seks medlemer.

Valkomitéeen innstilte følgjande nytt styremedlem:

Einar Myklebust, Bergen Group

Valkomitéeen innstilte at Hans Martin Hjelmeland vert styreleiar, medan styret konstituerer seg sjølv med tanke på nestleiar.

Valkomitéen la fram to tilbod om revisortenester. Årsmøtet gav styret fullmakt til å forhandle fram ein avtale i etterkant av årsmøtet.

*Hans Martin Hjelmeland, Marit Hjørnevåg og Einar Myklebust vart samrøystes vald til høvesvis styreleiar og styremedlem i KNS.*

**Valnemnd:**

Gaute Lund	iDrift AS	Attval	1 år
Asbjørn Soltveit	Rosendal Utvikling AS	Attval	1 år
Yngve Bryn	Vibe	Ny	1 år

*Samrøystes vedteke.*

Avslutningsvis takka styreleiar valkomiteen og dei avtroppande styremedlemmene for innsatsen .

Etter årsmøte var det satt av tid til mingling og servering av tapas.

Husnes, 22.05.2011

Silvia Tofte  
Næringssjef

Solveig Aalde Bark  
Styreleiar